

## Notat – synleggjering av ressursbehovet knytt til handlingsplan og sertifisering som berekraftig destinasjon.

I rapporten forprosjekt regionalt reiseliv er det budsjettert med 1 koordinatorstilling som skal arbeide for å operasjonalisere tiltaka i handlingsplanen til masterplanen. I arbeidet med rapporten og dialog med styringsgruppa samt fagmiljøet i 2469 reiselivsutvikling og Visit Sognefjord er det peika på eit behov for ei eiga stilling som tek hand om arbeidet knytt til sertifisering og resertifisering som berekraftig reisemål. Destinasjonen Sognefjord har satt i gang arbeidet med å bli sertifisert som berekraftig destinasjon, men det er ikkje satt av midlar til arbeidet som ligg å halde på merkinga, altså resertifiseringa. Prosjektet er gjort kjend med at andre liknande destinasjonar som har satt i gang sertifiseringsprosessen har ein dedikert stilling som er ansvarleg for dette arbeidet.

Problemstillinga vart drøfta på møte i næringsnettverket 21.11.2022, der nettverket ynskja at denne informasjonen vert presentert som eit vedlegg til rapporten og prosjektplanen for hovudprosjektet, i forkant av regionrådsmøte 9. desember, der den endelige avgjersla kring det vidare knytt til handlingsplanen skal avgjerast.

### Forslag til finansieringsplan for to årsverk knytt til handlingsplanen og merkinga som berekraftig destinasjon.

Er det mogleg å finansiere arbeidet gjennom å tildele allereie eksisterande roller i kommunane ansvar for konkrete delar i handlingsplanen? Og slik sikre at handlingsplanen vert iverksett og tiltaka gjennomført.

Ei slik løysing gjer at arbeidet vert godt forankra i dei ulike avdelingar i kommunen som handlingsplanen er avhengig av at kjenner til og tek eigarskap til delar av satsingsområda. Ei slik organisering vil og sikre at arbeidet får ein lengre tidshorisont enn forslaget om eit treårig hovudprosjekt.

*Sogn næring, 1.12.2022*